



Lindås Rør og Sanitær
v/Heine Nævdal
Burkhovdane 1
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/27 - 16/32343

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
29.11.2016

Svar på søknad om godkjenning av fettutskiljar - gbnr 234/68 Ostereidet

Teknisk drift syner til registreringsmelding datert 15.11.2016 og e-post av 25.11.2016 vedkomande søknad om løyve til å kople fettutskiljar med størrelse NS 6 til kommunalt leidningsnett – gbnr 234/68 Ostereidet Kro.

Vedtak:

Teknisk drift vil gje løyve til kople på fettutskiljar (NS 6) ved Ostereidet Kro, gbnr 234/68 - Eidavegen 532, til kommunalt leidningsnett på følgjande vilkår:

- Løyve til å kople fettutskiljar, med størrelse NS 6, til kommunalt leidningsnett vert gitt ut i frå innsendt søknad og endringmelding (e-post) av 25.11.2016. Anlegg skal vere plassert utvendig, under bakkenivå, som vist på innsendt situasjonskart datert 01.11.2016 (M 1:500).
- Tømmefrekvens for fettutskiljaranlegg i Lindås kommune er 3-12 gonger i året. For utskiljaranlegg ved Ostereidet kro vert tømmefrekvens satt til **minimum 3 gonger per år**. Dersom det er behov for tilleggstømming utanom fastsette tømningar, skal anleggseigar ta kontakt med tømmeoperatør for ekstra tømning. Kommunen kan krevje hyppigare tømning dersom vi ser at det er behov for dette.
- For anlegg skal det sendast inn **minimum 2 temperaturlogger per år**. Temperaturlogging skal utførast når anlegg er i full drift og over 3 døgn. Temperaturlogging skal utførast rett før tømning av anlegg.
- Temperatur i anlegg skal ikkje overstige 25°C. Fett frå ulike skilder har ulike smeltepunkt og eigenskapar. Fett løysast opp ved 20°C og ved temperatur rundt 30°C vil utskiljaranlegg ikkje lenger fungere. Optimal temperatur i anlegg vil derfor være under 20°C.
- Bruk av vaskemildar (såpe) fører til at fett emulgerer og vert vanskeleg å skilje ut i anlegget. Berre godkjente vaskemildar skal nyttast og bruken skal avgrensast til eit minimum. Kommunen forventar



at verksemda går i dialog med kjemikalieleverandør, eventuelt anna kompetanse, for å få optimalisert bruken av kjemikalier med tanke på lågare utslepp av fett. Vi gjer merksam på at ein del vaskekjemikalier påvirkar reinseeffekten til utskiljaren.

- Minst 1 gong i året skal utskiljaren tømast fullstendig og reingjerast grundig ved varmt vatn under høgt trykk. Spylevatn skal ikkje førast ut på kommunalt leidningsnett, men sugast opp av slambil. Alle overflater skal vedlikehaldast og kontrollerast, dette gjeld òg tidsur, skrapeverk, pumper, ventilar osv.
- Større mengder fett, som til dømes frityrfett/-olje, skal ikkje førast til utskiljaranlegg, men samlast opp i behaldar og leverast til godkjent mottak. Dokumentasjon på dette skal ligge føre ved kontroll.
- Det skal ligge føre skriftleg avtale med godkjent tømmeoperatør om **minimum 3 tømminger og 2 temperaturlogger** for anlegg. Tømmeoperatør kan òg ha årleg rapportering til kommunen. Dette skal da komme fram av inngått avtale. Kommunen skal, til ein kvar tid, ha kopi av gyldig tømmeavtale. Avtale skal vere signert av begge partar.
- Anleggseigar skal ha jamnleg ettersyn av utskiljaranlegg for å unngå driftsproblem, som til dømes tetting av rør, oversvømming/tilbakeslag og luktproblem. Anleggseigar skal òg sørge for at anna avfall ikkje vert ført på utskiljaranlegg (slam, stein, matrestar, plasthansker etc).
- For anlegg skal det førast driftsjournal. I driftsjournalen skal det førast inn data om når anlegg vart tømt, kven som utførte tømninga, mengde fett som vart tømt og driftopphald i anlegg (tidspunkt, dato, type driftsoperasjon etc). Driftsjournal skal vere tilgjengeleg for kontroll frå Lindås kommune.
- **Årsrapport:** Verksemda skal kvart år sende inn årsrapport for anlegg. Årsrapporta skal innehalde tømmerapporter, temperaturlogger og kopi av driftsjournal. Årsrapporta skal vere kommunen i hende seinast 1. februar påfølgjande år.
- Ved ferdigmelding av anlegg skal det leverast inn «as built» teikningar og situasjonskart over anlegg. Kva som er ført på anlegg og påkoplingspunkt til kommunalt leidningsnett skal komme fram av dette. Situasjonskart og teikningar skal være i målestokk (M 1:500).

Det er «Standard Abonnementsvilkår for vann og avløp – Tekniske og Administrative bestemmelser», forskrift for fettutskiljar i Lindås kommune, «Utsleppsløve for Lindås kommune» frå Fylkesmannen i Hordaland, samt forureiningsforskrifta § 15A-4 at Teknisk drift har heimel til å krevje og sette krav til fettutskiljaranlegg som skal knyttast på kommunalt leidningsnett. Føremål med krava er å sikre at vegetabils og animalsk fett vert skilt ut frå avlaupsvatn, slik at dette ikkje påfører leidningsnett og reinseanlegg skader.

Med helsing

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Arne Helgesen

Mottakarar:

Lindås Rør og Sanitær
Ostereidet Kro AS

Burkhovdane 1 5914
Eidavegen 532 5993

ISDALSTØ
OSTEREIDET